

Hei!

Dette dokumentet inneheld ein “case” som skal benyttast som ein del av opplæringsmateriellet knytta til CRPD.

Hjelp til å fylgje opp borna



Irene er 32 år gamal og har nedsett funksjon i begge beina og i ei hand. Ho har to born på fire og sju år, og vart nyleg skild. Ho og eksmannen hennar har delt omsorg for borna og bur eit godt stykke frå kvarandre.



Ho opplever at nærmiljøet og kommunen ho bur i, er lite tilgjengeleg.



Artikkel 23
Respekt for
heimen og familien



Nå som ho har borna aleine dei vekene dei ikkje er hos eksmannen, treng ho meir hjelp til ulike praktiske gjeremål. Irene tar kontakt med bestillarkontoret i kommunen for å undersøke kva rettar ho har til bistand. Ho har blant anna spurt om det er mogleg å få Brukarstyrt Personleg Assistent (BPA) i dei vekene ho har borna.

Om Irene ikkje klarar å følgje opp borna sine utan å få hjelp dei vekene ho har dei, så synest eg ikkje ho kan ha så mykje som 50% av foreldreansvaret.

Kva om Irene søker om delavlasting hos nokon utanfor heimen i dei vekene ho har borna? Kan det vere nokon i nær familie som kan bidra, slik at Irene kan ha 50 % omsorg for borna?

Irene skal få den hjelpa ho treng for å kunne utøve si omsorgsrolle. Ho og borna har rett på eit familieliv på lik linje med andre. Eg synest vi skal be om eit møte og kartlegge Irene og bornas situasjon, og sjå om vi kan gi henne hjelp slik at ho kan ha delt ansvar. Dette er også i tråd med bornas ønske. Kan vi for eksempel vurdere familieråd og BPA?



Kva for ei løysing meiner du samsvarer med CRPD?



**Kva seier Irene
om løysninga
eitt år etter?**

**Kva seier
menneske-
rettane?**


**Diskuter spørsmåla.
Du kan få støtte, og
lære meir om CRPD på
bufdir.no/CRPD**

**Fasiten finner dere
på neste side.**

**Følgande påstand
er mest i tråd
med CRPD.**

**Les og lær meir
om CRPD på
bufdir.no/CRPD**

**Irene skal få den hjelpa ho
treng for å kunne utøve si omsorgs-
rolle. Ho og borna har rett på eit familieliv
på lik linje med andre. Eg synest vi skal be om
eit møte og kartlegge Irene og bornas
situasjon, og sjå om vi kan gi henne hjelp
slik at ho kan ha delt ansvar. Dette er også i
tråd med bornas ønske. Kan vi for eksempel
vurdere familieråd og BPA?**



Bufdir